

Norsk folkedraktforum

Til
Kultur- og kirkedepartementet

4. juni 2008.

Kulturhåndverk – innspill til høringsuttalelse.

Norsk folkedraktforum er ein landsomfattande organisasjon som arbeider med bunader forankra i den gamle folkedraktskikken. Der formålet er å rekonstruere dei gamle draktene til bruk som bunader. Og i tillegg få desse, og bunader i levande tradisjon, meir synleg og påakta i samfunnet i dag. Bak produksjonen ligg eit vell av kunnskap, erfaring, innsikt og praktisk arbeid, -eit kulturhåndverk i sitt rette element. Folks etterspørsel etter bunad understreker kor viktig dette arbeidet er.

Norsk folkedraktforum vil her koma med tilleggs-innspill i høyringa ang. Kulturhåndverk, utifrå rapporten som er forfatta av Åse Vigdis Festevold.

Kulturhåndverk.

Rapporten introduserer begrepet kulturhåndverk, eit begrep som vår organisasjon synes er godt dekkande.

Vern.

Kulturhåndverket som blir utført i dag er i aller høgste grad vern av tradisjonelle håndverksfag og teknikkar. Dette gjeld ikkje minst innafor det tekstile området. Overføring av håndverksteknikker frå ein generasjon til neste var den tradisjonelle opplæringsmodellen, og som gjerne bør kunne førast vidare. For Nff sin del finn ein områder her i landet der draktskikken har gått ut av bruk, og av den grunn må ty til analyse av eldre draktdeler i musea. Og utifrå desse ta oppatt glømde teknikkar, for så å føre dei vidare. Å utøve håndverket er den beste form for vern.

Vidareføring.

Norsk folkedraktforum akter å bevare den gamle folkedraktskikken gjennom å rekonstruere dei stedegne draktene, og få dei i aktivt bruk. Dette er ei viktig synleggjering av produkta. I tillegg vil ein med dette drive ein form for informasjon utan ord,.

Mangfold.

Den norske draktskikken er lokalt forankra, med påverknad utanfrå, frå det europeiske motebilde og trendene i stilepokene. Mangfoldet i dei norsk folkedraktene skuldast at den europeiske moten vart teke opp på ulik måte og utvikla ulikt. Og på den måten gjedd draktene forkjellig uttrykk. Dette fører til eit stort mangfold i draktskikken, og vidare i bunadene. Det viktige er å gje plass for mangfoldet, og nedfelle dette i kulturhåndverket.

Ein saknar.

I vedtektene til Norsk folkedraktforum står uttrykket *rekonstruksjon* sentralt.

Nff meiner at rekonstruksjon av gamalt håndverk bør bli meir respektert, og teke med når denne høyringa skal behandlast. Design og nyskaping utifrå eldre teknikker får for stort fokus i denne rapport, og er med å nedprioritere det eigentlege håndverket.

Slik ein les rapporten er kreativitet, nyskaping, turisme, samt opplevelsesindustrien meir viktig enn noko anna. Nff meiner at eit kulturhåndverk skal først og fremst gagne den menig mann og kvinne, vera til glede gjennom eit ekte produkt av høg kvalitet.

Opplæring – opplæringsbehov.

Faga innan kulturhåndverk er ofte lokalt forankra. Ein ser derfor for seg regionale kompetansesentra som kan ivareta, utvikle og heve kompetansen. I tillegg støtte opp om og ivareta eit felles håndverksmiljø.

Støtteordningar.

Skal ein i dag ha moglegheit til å føre kulturhandverka vidare, er ein avhengig av økonomiske støtteordningar. Slik som det kjem fram i rapporten, er ikkje inntektene til kulturhandverkarane til å leva av. Handlingsbåren kunnskap er lite påakta og ”bør ikkje koste stort”! Skal faget overleve må ein innsjå at økonomiske støtteordningar er nødvendig, som inntekt, til dekning for lærlingar og hospitanter.

Stipendiatorordninga ved Norsk Handverksutviklinga meiner Nff må aukast, og vidare byggast ut til å gjelde fleire fag og faggrupper.

Ein ber og om at det blir etablert garantiinntekt for kulturhandverkarar på lik line med kunsthandverkarar.

For Norsk folkedraktforum sin del ber me og om auke i dei økonomiske bevilgningane til Bunad- og folkedraktrådet. BFR er ein viktig rådgjevningsinstans i arbeidet vårt og til våre medlemmer.

Norsk folkedraktforum ber om at denne høyringa vil føre til at kulturhåndverket får ein større status og moglegheiter i dagens samfunn, med større økonomiske støtte. Hugs at det her er snakk om vår felles kulturarv!

Med helsing

Norsk folkedraktforum

Helga Reidun Bergebakken Nesset - leiar

Mona Løkting - sekretær

Adr: 2560 Alvdal

www.folkedrakt.no

mona@folkedrakt.no